



Møteprotokoll

Utval:	Kvam herad, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kvam rådhus, Heradsstyresalen
Dato:	07.05.2024
Tid:	09:00 - 13:45

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Trygve Vik	Leiar	SP
Borghild Storaas Ones	Nestleiar	AP
Bjarte Helland	Medlem	INP
Jan-Ove Fredheim	Medlem	FRP

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Beate Gauden	MEDL	MDG

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Oddbjørn Vestbøstad	Beate Gauden	SV

Andre i møtet:

Namn	Funksjon	Saker (om ikkje heile møtet)
Torgeir Næss	Ordførar	PS 17 til 20/24
Anita Hesthamar	Rådmann	PS 17 til 23/24
Ragnar Johnstad	Økonomisjef	PS 17 til 23/24
Tom Rasmussen	Dagleg leiar Kvammabadet	PS 17/24
Reidun Skålheim Solberg	Styreleiar Kvammabadet	PS 17/24
Unni-Renate Moe	Rekneskapsrevisor i Deloitte	PS 17 til 21/24
Espen Stokke	Forvaltningsrevisor i Deloitte	
Roald Breistein	Seniorrådgjevar i sekretariat for kontrollutvalet, VLFK	
Stian Skår Ludvigsen	Seniorrådgjevar i sekretariat for kontrollutvalet, VLFK	

Trygve Vik
utvalsleiarRoald Breistein
utvalssekretær*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 5/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/24	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 17.04.2024	2023/427	
Politiske saker			
PS 17/24	Årsrekneskap og årsmelding 2023 for Kvammabadet KF - Uttale frå kontrollutvalet	2023/430	
PS 18/24	Årsrekneskap og årsmelding for Kvam herad 2023 - Uttale frå kontrollutvalet	2023/430	
PS 19/24	Rådmannen orienterer om status for kommunaløkonomisk bærekraft i Kvam herad	2023/430	
PS 20/24	Rådmannen orienterer om status for lukking av avvik etter tilsynsrapport trygt og godt skulemiljø	2024/26	
PS 21/24	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Kvam herad	2024/62	
PS 22/24	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk	2022/182	
PS 23/24	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 - 2028 i Kvam herad	2023/398	
PS 24/24	Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 - 2028 for Kvam herad	2023/399	
PS 25/24	Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll	2023/398	
PS 26/24	Gjennomgang av møteprotokollar	2023/428	
PS 27/24	Eventuelt	2023/429	

GK 5/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 07.05.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte om arbeid med dokumenthandteringa.

Innkalling og sakliste blei samrøystes vedteke.

Vedtak

Innkalling og sakliste vert vedtatt.

GK 6/24 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 17.04.2024

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 17.04.2024 vert godkjent.

Saksprotokoll 07.05.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Ingen tok ordet til saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 17.04.2024 vert godkjent.

PS 17/24 Årsrekneskap og årsmelding 2023 for Kvammabadet KF - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

- 1.Kontrollutvalet registrerer at Kvammabadet KF hadde eit netto driftsresultat på kr. 1 000 000 i 2023.
- 2.Kontrollutvalet støttar seg på Deloitte AS sin uttale om den økonomiske situasjonen for Kvammabadet KF i 2023 og har ikkje andre merknader til denne.
- 3.Uttalen vert å sende heradsstyret via formannskapet.

Saksprotokoll 07.05.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Dagleg leiar Tom Rasmussen og styreleiar Reidun Skålheim Solberg presenterte årsrekneskap og årsmelding for Kvammabadet for 2023, og svarte på spørsmål. Rekneskapsrevisor Unni-Renate Moe gjorde greie for Deloitte si revisjonsmelding, og svarte på spørsmål.

Andre orienteringar blei haldne før vidare sakshandsaming i møtet.

Forslaget til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale frå kontrollutvalet

1. Kontrollutvalet registrerer at Kvammabadet KF hadde eit netto driftsresultat på kr. 1 000 000 i 2023.
2. Kontrollutvalet støttar seg på Deloitte AS sin uttale om den økonomiske situasjonen for Kvammabadet KF i 2023 og har ikkje andre merknader til denne.
3. Uttalen vert å sende heradsstyret via formannskapet.

PS 18/24 Årsrekneskap og årsmelding for Kvam herad 2023 - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Kvam herad sin årsrekneskap og årsmelding for 2023.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 17 for 2023 frå Deloitte AS, ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 10.09.2024 for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten.

Saksprotokoll 07.05.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Økonomisjef Ragnar Johnstad presenterte årsrekneskap og årsmelding for Kvam herad for 2023, og svarte på spørsmål. Rekneskapsrevisor Unni-Renate Moe gjorde greie for Deloitte si revisjonsmelding og revisjonsrapport nr. 17, og svarte på spørsmål.

Andre orienteringar blei haldne før vidare sakshandsaming i møtet.

Sekretariatet gjorde greie for utkastet til uttale og svarte på spørsmål.

Forslaget til uttale vart samrøystes vedteke.

Økonomisjefen sin presentasjon vart sendt kontrollutvalet etter møtet.

Vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Kvam herad sin årsrekneskap og årsmelding for 2023[, med dei endringar som kom fram i møtet].
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 17 for 2023 frå Deloitte AS, ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 10.09.2024 for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten.

PS 19/24 Rådmannen orienterer om status for kommunaløkonomisk bærekraft i Kvam herad

Forslag til vedtak

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet inviterer rådmannen til møte i april/mai 2025, for å koma med ny status når det gjeld heradet sitt arbeid med kommunaløkonomisk bærekraft.

Saksprotokoll 07.05.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rådmann Anita Hesthamar orienterte om status for kommunaløkonomisk bærekraft i Kvam herad, og svarte på spørsmål.

Andre orienteringar blei haldne før vidare sakshandsaming i møtet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sin presentasjon vart sendt kontrollutvalet etter møtet.

Vedtak

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet inviterer rådmannen til møte i april/mai 2025, for å koma med ny status når det gjeld heradet sitt arbeid med kommunaløkonomisk bærekraft.

PS 20/24 Rådmannen orienterer om status for lukking av avvik etter tilsynsrapport trygt og godt skulemiljø

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet merkar seg som positivt at Kvam herad er komme godt i gang med forbetningsarbeidet etter tilsyn med kommunen sitt arbeid for å sikre eit trygt og godt skulemiljø, men at det framleis står ein del arbeid att.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg orientering om status i denne saka til møte i utvalet 22.10.2024
3. Den skriftlege tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 01.10.2024.

Saksprotokoll 07.05.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rådmann Anita Hesthamar orienterte om saka og svarte på spørsmål.

Det vart pause før sakshandsaminga.

Forslaget til vedtak vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sin presentasjon vart sendt kontrollutvalet etter møtet.

Vedtak

1. Kontrollutvalet merkar seg som positivt at Kvam herad er komme godt i gang med forbetningsarbeidet etter tilsyn med kommunen sitt arbeid for å sikre eit trygt og godt skulemiljø, men at det framleis står ein del arbeid att.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg orientering om status i denne saka i møte i utvalet 22.10.2024.
3. Den skriftlege tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 01.10.2024.

PS 21/24 Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Kvam herad

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor, Unni-Renate Moe, vedrørende om Deloitte AS er uavhengig i høve Kvam herad, til etterretning.

Saksprotokoll 07.05.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Ansvarleg revisor i Deloitte, Unni-Renate Moe, orienterte om uavhengighetserklæringa og arbeidet bak.

Forslaget til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar orienteringa frå ansvarleg revisor, Unni-Renate Moe, vedrørende om Deloitte AS er uavhengig i høve Kvam herad, til etterretning.

PS 22/24 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser det som positivt at Kvam herad snart er ferdig med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon innan personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk.
2. Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg orientering om status i forbetningsarbeidet etter denne forvaltningsrevisjonen for punkt 5 til møte i utvalet 10.09 2024.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 20.08.2024.

Saksprotokoll 07.05.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet klargjorde bakgrunn for tittel på dokument i saka.

Forslaget til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ser det som positivt at Kvam herad snart er ferdig med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon innan personalpolitikk med fokus på tilsettingsprosedyrar og vikarbruk.
2. Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg orientering om status i forbetningsarbeidet etter denne forvaltningsrevisjonen for punkt 5 til møte i utvalet 10.09.2024.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 20.08.2024.

PS 23/24 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 - 2028 i Kvam herad

Forslag til innstilling

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 for Kvam herad vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter forvaltningsrevisjonar til heradsstyret etter kvart.

Saksprotokoll 07.05.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor hos Deloitte, Espen Stokke, presenterte risiko- og vesentlegheitsvurdering som analysegrunnlag til plan for forvaltningsrevisjon for Kvam herad for perioden 2024-2028, og oppfordra medlemmene til å velje to prosjekt kvar til prioriteringa.

Medlemmene av utvalet diskuterte seg fram til ei prioritering av forvaltningsrevisjonar med utgangspunkt i analysen til Deloitte.

Utvalet var samrøystes i å prioritere følgjande prosjekt:

1. Barnevern
2. Anskaffingar og kontraktsoppfølging
3. Bemanning og sjukefråvær
4. Kvam energi AS
5. Tenester til personar med nedsett funksjonsevne
6. Saksførebuing og vedtaksoppfølging

I tillegg vart følgjande uprioriterte prosjekt lagt til planen:

- Internkontroll
- Psykisk helse og rustenester
- Samhandling mellom tenester retta mot barn og unge
- Tilpassa opplæring og spesialundervisning
- Trygt og godt skulemiljø for elevar og tilsette
- Helsestasjon og skulehelsetenesta
- Pleie og omsorg
- Vedtakspraksis i forvaltningseininga

- Tilsyn og ulovlegheitsoppfølging
- Informasjonstryggleik og personvern
- Kvammabadet KF
- Hardanger AKS
- Kunstig intelligens
- Flyktningetenesta og integrering

Forslaget til innstilling vart samrøystes vedteke med dei endringar som kom fram i møtet.

Innstilling

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 - 2028 for Kvam herad vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gont i valperioden. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter forvaltningsrevisjonar til heradsstyret etter kvart.

PS 24/24 Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 - 2028 for Kvam herad

Forslag til innstilling

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 for Kvam herad vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter eigarskapskontrollar til heradsstyret etter kvart.

Saksprotokoll 07.05.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor hos Deloitte, Espen Stokke, presenterte forslag til plan for eigarskapskontroll for Kvam herad for perioden 2024-2028, med forslag til tre prosjekt:

- Overordna eigarskapsforvaltning i Kvam herad
- Hardanger AKS AS
- Kvam energi AS

Medlemmene av utvalet diskuterte seg fram til ei prioritering av eigarskapskontrollar med utgangspunkt i forslaget frå Deloitte.

Utvalet var samrøystes i å gjere følgjande prioritering:

1. Overordna eigarskapsforvaltning i Kvam herad
2. Kvam energi AS
3. Hardanger AKS AS

Forslaget til innstilling vart samrøystes vedteke med dei endringar som kom fram i møtet.

Innstilling

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 - 2028 for Kvam herad vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gont i valperioden. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter eigarskapskontrollar til heradsstyret etter kvart.

PS 25/24 Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll innan
2. Vedtaket vert gjort med atterhald om at plan for vert vedteken av heradsstyret 20.06.2024
3. Revisor vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gitt, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt. Dersom heradsstyret vel eit anna prosjekt som nr. 1, er det ønskjeleg at revisor lagar forslag til prosjektplan for dette i staden.
4. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 20.08.2024
5. Prosjektplanen skal behandlast i møte i kontrollutvalet 10.09.2024.

Saksprotokoll 07.05.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Utvalet sine medlemmer diskuterte seg fram til eit felles forslag.

Utvalet var einige om å bestille forvaltningsrevisjon innan barnevern, og ønska ein plan for forvaltningsrevisjon som inneheld:

- System og rutinar for sending, mottak og oppfølging av bekymringsmeldingar
- Betre tverrfagleg innsats
- Kvalitet i tenestene og samhandlinga
- Førebyggjande arbeid
- Sakshandsaming
- Fristbrot

Det var ønskeleg at heradsstyret handsamar plan for forvaltningsrevisjon i møte 23.05.2024.

Forslaget til vedtak med dei endringar som kom fram i møtet, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

- Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan barnevern.
- Vedtaket vert gjort med atterhald om at plan for forvaltningsrevisjon vert vedteken av heradsstyret 23.05.2024
- Revisor vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gitt, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt. Dersom heradsstyret vel eit anna prosjekt som nr. 1, er det ønskjeleg at revisor lagar forslag til prosjektplan for dette i staden.
- Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 20.08.2024
- Prosjektplanen skal behandlast i møte i kontrollutvalet 10.09.2024.

PS 26/24 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

Saksprotokoll 07.05.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det har ikkje vore halde møte sidan sist.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

PS 27/24 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll 07.05.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen sakar til eventuelt.

Vedtak

Det blei ikkje fatta vedtak i saka.